# Gebyrregulativ vatn og avløp 2014.

(Vedteke i kommunestyret med verknad frå 01.01.2013.) Gebyrsatsane gjeld for 2014 – vedteke i kommunestyret 12.12.2013.

**Heimel:**

- Lov om vern mot forurensninger og avfall (Forurensningsloven.)
- Kommunale forskrifter om vatn- og avløpsgebyr, kunngjort 4.10.2012.

**Rammer for gebyrberekning**

- Gebyra skal ikkje overstige kommunen sine kostnader. Avvik blir avrekna mot eit sjølvkostfond etter dei reglar som til ei kvar tid finst om dette.
- Overslag over forventa kostnader og inntekter for dei næraste 4 åra skal liggje føre når gebyra blir fastsett.
- Alle prisar i regulativet er utan mva. All informasjon til publikum skal innehalde prisar inkl mva.

## 1. Eingongsgebyr for tilknyting til vatn – og/eller avløpsnett.

a) Abonnentar med bustad- og fritidseigedomar skal betale normalsats.

| | Vatn | Avløp |
|---|---|---|
| Tilknytingsgebyr (normalsats) | kr 10 000,- | kr 10 000,- |

Tilknytingsgebyret skal betalast per bueining.

b) For næringsbygg, offentlege bygg og kombinasjonsbygg blir tilknytingsgebyret differensiert etter dimensjonen på inntaksleidningen som N multiplisert med normalsats. N går fram av denne tabellen:

| Dimensjon på inntaksleidning i millimeter | |
|---|---|
| ≤ 32 | N = 1 |
| ≤ 40 | N = 2 |
| ≤ 50 | N = 3 |
| ≤ 63 | N = 4 |
| ≤ 75 | N = 6 |
| ≤ 110 | N = 10 |
| > 110 | N = 15 |

## 2. Årsgebyr

Startdato for nye abonnement blir sett til 1. i månaden etter at det ligg føre ferdigattest, likevel slik at dato blir sett til 6 månader etter dato for byggjeløyve. Dersom bygget ikkje er /blir teke i bruk innan denne oppstartdato kan abonnenten, innan denne 6 mnd perioden, melde dette til kommunen og få ein seinare startdato.

### 2.1 Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret er differensiert etter brukarkategori:

a) Abonnementsgebyr for *bustad og fritidsbustad* har ein sats, som skal betalast for kvar bueining. For einebustad med inntil ei ekstra bueining skal det berre betalast eitt abonnement.

| | **Vatn** | **Avløp** |
|---|---|---|
| Abonnementsgebyr for bustad | Kr. 1 471 | Kr. 1 415,29 |

b) Abonnementsgebyr for *næring* skal betalast for næringseigedomar, offentlege verksemder og kombinasjonsbygg blir fastsett som N multiplisert med abonnementsgebyr for bustader. N går fram av tabellen nedanfor:

| **Dimensjon på inntaksleidning i mm** | |
|---|---|
| | |
| ≤ 32 | N = 1 |
| ≤ 40 | N = 2 |
| ≤ 50 | N = 3 |
| ≤ 63 | N = 4 |
| ≤ 75 | N = 6 |
| ≤ 110 | N = 10 |
| > 110 | N = 15 |

Dersom dette i einskildtilfelle råkar abonnenten urettvist kan det søkjast om unnatak, evt ei gradvis opptrapping.

### 2.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret blir berekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, båe basert på einingsprisen under.

**Einingspris, kr. pr. m$^3$**

| **Vatn:** | **Avløp :** |
|---|---|
| Kr 14,35 | Kr 25,80 |

**Målt forbruk:**

Forbruksgebyr = målt forbruk × einingspris.

Forbruksgebyret blir basert på faktisk vassforbruk (etter vassmålar) og pris pr. m$^3$.

Avløpsmengde reknast lik vassmengde. Eventuelt unnatak fra dette må dokumenterast av abonnenten.

**Stipulert forbruk:**

Forbruksgebyr = stipulert forbruk x einingspris

| Bruksareal ($m^2$) | Stipulert forbruk ($m^3$) | | Gebyr vatn | | Gebyr avløp | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Bustadhus | Fritidshus | Bustadhus | Fritidshus | Bustadhus | Fritidshus |
| T o m 120 | 150 | 50 | Kr 2 153 | Kr 897 | Kr 3 870 | Kr 1 290 |
| F o m 121 | 190 | 60 | Kr 2 727 | Kr 1 076 | Kr 4 902 | Kr 1 548 |

### 2.3 Avvik i årsgebyret som fylgje av trykkavvik

Dersom vasstrykket er mindre enn 2 bar, eller større enn 8 bar, kan abonnenten få reduksjon i gebyret tilsvarande abonnementsgebyret.

## 3. Årleg vassmålarleige

Kommunen eig vassmålaren. Abonnent med vassmålar betalar alle kostnader knytt til montering og kontroll av målaren. Kommunen har ansvaret for vedlikehald/utskifting og administrasjon.

Årleg gebyr ved bruk av vassmålar:
Kr 500 for liten målar (inntil 50 $m^3$.)
Kr 800 for stor målar (over 50 $m^3$.)

## 4. Mellombels bruk av vatn og avløp

Eigar/festar av eigedom som mellombels blir knytt til kommunen sine vass- og avløpsanlegg, skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, sjå pkt. 2.1 og 2.2.

## 5. Eigedomar som står tome

Eigedomar som for ein periode (på minst 3 månader) står tome kan få det stipulerte forbruket nedsett til 50 kbm. Abonnementsgebyret løper fullt ut, inntil huset evt blir kopla frå.

Slik endring blit gjort gjeldande frå neste termin.

## 6. Innkrevjing av gebyr.

Gebyra blir kravd inn to gonger per år.

Målarleige forfell til betaling på 2. termin.